



Roal Vatnøy  
Litlevika 33  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7819 - 15/30633

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
23.09.2015

## Arkivering av søknad utan handsaming - etablering av flytebrygge Gbnr 225/1 og 3 Haukøy kai

Vi viser til Dykkar søknad, motteken med vedlegg den 29.01.2015.

### Vurdering

Det framstår som åpenbart for byggesaksavdelinga at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettar søknaden bygger på, jf. pbl § 21-6, 2. ledd.

### Historikk i saka

1. Kommunen svarte på søknaden den 08.04.2015. Søknaden kunne ikkje handsamast då eigar av gnr. 219 bnr. 2 ikkje hadde gjeve sitt samtykke til etablering av anlegget. Det var ikkje dokumentert rett til plassering av biloppstillingsplass på gnr. 219 bnr. 41 sin eigedom. Kommunen meddelte at vi ikkje var positive til søknaden, men uttalte at det kunne vere aktuelt å vurdere eit mellombels tiltak innanfor areal avsett til båthamn i inntil 2 år. Dette vil krevje ny søknad, dispensasjonssøknad og nabovarsling.
2. Den 13.05.2015 mottok kommunen søknad om fristforlenging samt kommentarer til innhaldet av kommunen sitt brev av 08.04.2015.
3. Kommunen forlenga fristen i brev av 25.05.2015 i samsvar med søknaden. Kommunen meddelte at vi ikkje kunne sjå at dei opplysninange som vart lagt fram i skrivet av 08.04.2015 var uriktige.
4. Den 06.07.2015 mottok kommunen ein ny søknad om fristforlenging (fram til 20.08.2015).
5. Den 25.08.2015 mottok kommunen ein kopi av ein avtale med gbnr. 219/41. Avtalen gjeld mellombels rett til å etablerte flytebrygge og rett til å parkere privat personbil på oversiden av privat veg som går over eigedomen. Vidare gjeld avtalen rett til sti frå veggen til landgang/flytebrygge.

### Gebyr



Søknadspålitige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
10.3.5 Avvist sak (tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om)	1	850
Totalt å betale:		<b>850</b>

#### **Vedtak:**

Søknaden vert arkivert utan handsaming, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Dersom de ynskjer at omsøkte tiltak skal realitetshandsamast, kan de sende inn ny kvalitetssikra søknad til kommunen.

#### **Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### **Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Advokatfirmaet Riisa & Co

Postboks 663 5807  
Sentrum

BERGEN

Jostein Vike

Vikanesvegen 66 5994

VIKANES

**Mottakarar:**  
Roal Vatnøy

Litlevika 33

5914

ISDALSTØ